



# Planstrategi for Austrheim kommune 2024-2027



# Innhald

<b>1. Innleiing.....</b>	<b>3</b>
<b>2. Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling.....</b>	<b>4</b>
<b>3. Definisjonar av plantypar.....</b>	<b>5</b>
<b>4. Vurdering av planbehov.....</b>	<b>6</b>
<b>5. Oversikt over eldre planar i Austrheim kommune.....</b>	<b>9</b>
<b>6. Planar godkjent i perioden 2016 – 2024.....</b>	<b>10</b>
<b>7. Planarbeid framover.....</b>	<b>13</b>
<b>8. Vurdering av planbehov og prioriterte planar i perioden 2024-2027.....</b>	<b>16</b>



## Innleiing

Kommunal planstrategi er eit verkty for politisk prioritering av planinnsatsen, for å sikre ei ressurseffektiv og målretta planlegging. Planstrategi er ei vurdering av kva planbehov kommunen har, og skal slå fast kva planoppgåver kommunestyret prioriterer i perioden 2024 – 2027. Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert. Det er plan- og bygningslova krev at alle kommunar skal ha ein planstrategi.

I pbl. § 10-1 første ledd, står det at «*Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden*».

Planstrategien for kommunen skal gjelde for kommunestyreperioden. Prioriteringa skal basere seg på å bli samdt om korleis kommunen skal møte eksisterande og framtidige utfordringar. Dette inneber ei

tydeleg prioritering av planar som skal utgreiast og gjennomførast. Prioriteringane må vere realistiske ut i frå dei føresetnader som gjeld for kommunen. Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal fylgjast opp i fylkeskommunen og kommunane sitt arbeid med planstrategi og planer, og vert lagt til grunn for statlege mynde si medverknad i planlegginga.

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Norge har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftmåla vil vere ein del av kommunen sitt overordna styringsmål, og det må etablerast eit system som sikrar at berekraftmåla blir følgt opp i praksis. Gode planar på beredskapsfeltet er det og viktig å ivareta i planstrategien, beredskap handlar om å vera i forkant.

## Mål og visjonar for Austrheim kommune

Eit av våre hovudmål er:  
«Austrheim skal verta ein meir attraktiv stad å bu, etablera bedrifter og besøkje».

## Verdiar, mål og prinsipp

Me skal ha innbyggjarretteiing på kommunehuset.

Me skal digitalisera dialogen med innbyggjarane.

Me skal leggja stor vekt på næringsutvikling og berekraftige arbeidsplassar

## Planlegging som verkty for heilskapleg og berekraftig utvikling

Kommunal planlegging er eit verkty for å få ein berekraftig, brukarorientert og god offentleg sektor og forvaltning. Kommunal planlegging er og eit verkty for å styrkje samfunnsutviklarrolla i kommunane. I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremja sosial, miljømessig og økonomisk berekraft. FNs berekraftmål er verden sin felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd, god helse og stans tap av naturmangfald og klimaendringar. Måla skal visa veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt. Kommunar har ein sentral rolle i å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast innbyggjarane, lokale bedrifter og

organisasjonar. Kommunane er ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til folk.

**Rapporten Vestland – Utfordringar for fylket og regionane** peiker ut 10 hovudutfordringar for Vestland:

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurransekraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Eit likeverdig samfunn
10. Ungdom – trivsel og tilhøyre

Dei fire målsettingane som er førande for fylket dei neste fire åra er:

**Mål 1** Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

**Mål 2** Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

**Mål 3** Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.

**Mål 4** Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

## Plansystem og planarbeid i Austrheim

I Austrheim kommune skal planar vere eit godt styringsverkty. Kva planer som blir prioritert vert vist i planstrategien. Planstrategien omtaler korleis plansystemet for kommunen skal vere bygd opp med definisjonar av plantypar, omtale av rutinar, organisering og medverknadsstrategi for planarbeid. Det er eit potensiale for å utvikle betre system, struktur og ein klar bruk av ulike planomgrep for planlegginga på tema- og sektornivå. Tenestekområde samfunnsutvikling skal ha ansvar for å samordna fag- og temaplanar.

## Definisjonar av plantypar

### **Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og som organisasjon.

### **Kommuneplanen sin arealdel**

Kommuneplanen sin arealdel omfattar heile kommunen. Den er juridisk bindande og styrer den langsiktige arealutviklinga. Arealdelen skal sikre at arealbruken i kommunen bidreg til å bygge opp under mål og strategiar i samfunnsdelen. Arealdelen skal ikkje rullerast i denne planperioden.

### **Kommuneplanen sitt handlingsplan**

Kommuneplanen sin handlingsdel er plan for gjennomføring av kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplanar og eventuelt andre planer. Handlingsdelen skal vise kva kommunen vil prioritere dei fire neste budsjettåra for å nå kommuneplanen sine mål.

### **Økonomiplan**

Økonomiplanen skal omfatta heile kommunen si verksemd og gje realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver. Økonomiplanen skal omfatta minst ein 4-års periode, og vert revidert kvart år.

### **Årsbudsjettet**

Årsbudsjett er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruk av desse i budsjettåret. Årsbudsjettet skal konkretisera økonomiplanen og gjeld heile kommunen. I Austrheim vil me samla kommuneplanen sin handlingsdel, 4-årig økonomiplan og årsbudsjett i eit dokument. Kommunelova forsterkar koplinga mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan.

### **Handlingsprogram**

Handlingsprogrammet viser korleis me skal følgje opp kommuneplanen. I tillegg inneheld handlingsprogrammet eit plan- og utgreiingsprogram. Denne skal følgja opp planstrategien med endeleg prioritering av når

planoppgåvene skal gjennomførast med tildeling av ressursar.

### **Kommunedelplanar**

Kommunedelplanar (KDP) kan utarbeidast for bestemte områder (areal), tema eller verksemdsområde. Dei skal følgje opp utvalde mål i kommuneplanen sin samfunnsdel eller konkretisera arealbruken for eit avgrensa geografisk område. KDP har same juridiske status som kommuneplanen.

### **Reguleringsplan**

Reguleringsplan er ein arealplan for eit avgrensa område. Planen består av eit arealkart med tilhøyrande føresegn som seier noko om bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering:

-Områderegulering er ein kommunal reguleringsplan som kan brukast der det er krav om slik plan i kommuneplanen, eller kommunen finn at det er behov for å gje meir detaljerte områdevisse avklaringar av arealbruken. Områderegulering vert utarbeida av kommunen. Det er gjerne eit større planområde enn detaljreguleringar.

-Detaljregulering er ein detaljert reguleringsplan for eit avgrensa område, og er ofte knytt til konkrete utbyggingsprosjekt. Både kommunen og private kan utarbeida detaljregulering. Kommunestyret vedtek dei.

### **Verksemdplanar**

Verksemdsplanar er eit arbeidsverktøy for avdelinga og tenesteområde. Dei er ein del av kommunen sitt styringssystem og skal med handlingsprogrammet forankra kommuneplanen sine strategiar og mål.

## Vurdering av planbehov

### Barn og unge

Planstrategien må ta omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår. Barn og unge skal ha moglegheiter og utfordringar som gir ein meningsfylt oppvekst, utan omsyn til bustad og sosial og kulturell bakgrunn, jf. [Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging](#). Barn og unge må også ha eit godt tenestetilbod (barnehagar, skular, idrettsanlegg, infrastruktur). Dette gjeld også møteplassar, uteareal og tilgang til grøne område nær barnehagar, skular og andre institusjonar.

Barnekonvensjon, artikkel 3, set omsynet til born framfor alle andre omsyn ved alle handlingar som vedkjem born. Vidare legg barnekonvensjonen, artikkel 12, og plan- og bygningslova § 5-1, føringar for at barn og unge får medverke. Gode oppvekstmiljø kan også sjåast i samanheng med styrka arbeid med førebygging og tidleg innsats.

Barnevernslova viser til at kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår gjennom tiltak for å førebyggje at barn og unge blir utsett for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, og må syte for å samordne tenestetilbodet til barn og familiar. Vidare skal kommunestyret sjølv vedta ein plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen, etter barnevernslova § 15-1.

### Aldersvenleg samfunnsplanlegging og universell utforming

Den demografiske utviklinga gjer at kommunen må arbeida vidare med aldersvenleg samfunnsplanlegging. Satsinga blir vidareført frå Leve heile livet-reforma til den nye Fellesskap og meistring – Bu trygt heime. Aldersvenleg samfunnsplanlegging handlar mellom anna om inkluderande og tilgjengelege nærmiljø som byr til fysisk og sosial aktivitet. For å lukkast med inkludering og deltaking i heile befolkninga er det behov for eit løft som fremjar tilgjenge for alle i lokalsamfunnet. Her er universell utforming ein føresetnad for å oppnå like moglegheiter få delta i fysisk og sosial aktivitet, førebygge

einsemd og bidra til god folkehelse og livskvalitet på tvers av generasjonar.

### Kompetanse- og rekrutteringsplanlegging

For å sikre ei berekraftig utvikling av helse- og omsorgstenestene, mellom anna som følgje av dei demografiske endringane, bør kommunen sette rekrutterings- og kompetanseplanlegging på dagsorden i samfunnsplanlegginga. Langsiktig og heilskapleg planlegging knytt til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tenestene er naudsynt for å sikre fagleg forsvarlege tenester.

### Konvensjonen for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) må følgjast opp. Kommunane skal jobbe aktivt for å nå likestilling for personar med nedsett funksjonsevne. Å bygge opp kompetansen på CRPD, og arbeidet med å oppfylle rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev forankring og prioritering. Å integrera CRPD i overordna planverk, kan bidra til å sikre nødvendig forankring. Det kan difor vere nyttig at dette blir løfta inn i planstrategien.

### Bustadsosial planlegging

I dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027, heiter det at kommunane skal legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i kommunane, i tråd med lokale og regionale behov. Det skal vidare bli lagt til rette for eit bustadtilbod for vanskelegstilte i ulike delar av kommunen, og at eigaretablering for vanskelegstilte, til dømes ved hjelp av Husbanken sine økonomiske verkemiddel, skal bli lagt vekt på.

Det skal og bli lagt til rette for at eldre som ønskjer det, kan bli buande lengre i eigen bustad, og at kommunen må sjå utviklinga av helse- og omsorgstenester i samanheng med bustadplanlegging og den langsiktige økonomien til kommunen. I § 5 andre ledd

heiter det at kommunen skal ha ei oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal inngå som grunnlag for kommunen sitt arbeid med planstrategien. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør også inngå i strategien.

Austrheim kommune viser til «[Alle trenger et trygt hjem. Nasjonal strategi for den sosiale boligpolitikken \(2021- 2024\)](#)». Strategien legg vekt på følgende hovudmålsettingar og innsatsområde: Side: 4/8 Hovudmål: 1. Fleire skal kunne eige eigen bustad 2. Leige skal vere eit trygt alternativ 3. Sosial berekraft i bustadpolitikken (fleire eigna bustader for eldre, distriktspolitiske verkemiddel, bustadsosiale omsyn i plan) 4. Tydelege roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse.

Prioriterte innsatsområde: 1. Ingen skal vere bustadlaus 2. Barn og unge skal ha gode butilhøve 3. Personar med nedsett funksjonsevne skal på lik linje med andre kunne velje kor og korleis dei bur. Samfunnsdelen skal ta med seg dette viktige temaet.

### **Kultur**

Kommunen samhandlar og samskapar med eldsjeler, frivillige lag- og organisasjonar, og støtter opp under kultur og kulturarbeid. Det gjeld og bibliotek og kulturarrangement. Frivilligsentralen arbeider for å auka frivillig aktivitet – sosialt og kulturelt. Det er mange aktivitetar for dei eldre, men og andre på Seniorsenteret. Kommunen har eigen ungdomsklubb og arrangerer tiltak for barn- og ungdom og andre grupper. Ein legg til rette for havglede, idrett, song og friluftsliv. Det er kulturtilbod som kino, ulike arrangement diverse stadar, kulturskule og eit aktivt bibliotek.

Det er satsing på tur- og badeområde som på Vardetangen og Årvika. Kysthytta i Rongevær vert drifta av Bergen og Hordaland Turlag. Sosiale møteplassar og kultur vert viktige tema i samfunnsdelen. Kultur er berebjelken og limet i samfunnet vårt for at innbyggjarane skal leve det gode liv i Austrheim.

Samfunnsdelen skal ta med seg dette viktige temaet.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Det er framleis stort behov for større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane. Det gjeld òg i kommunale planprosessar etter plan- og bygningslova då det er der ein legg grunnlaget for eit godt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. I så måte er planstrategien, og ikkje minst kommuneplanens samfunnsdel, sentrale dokument å forankre dette arbeidet i. Det er her kommunen kan gjere greie for utfordringar, strategiske val og prioriteringar. KommuneROS vart godkjent i 2024.

**Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling** seier noko om minimumsforventningar til den kommunale planstrategien. Der står det m.a.:

*«Planstrategien bør beskrive utviklingstrekk, utfordringer og strategiske valg tilknyttet samfunnssikkerhet jf. plan- og bygningsloven § 10-1. I den kommunale planstrategien bør kommunen ta stilling til behovet for å revidere helhetlig ROS-analyse og overordnet beredskapsplan etter sivilbeskyttelsesloven med tilhørende forskrift. Etter forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 bokstav b) har kommunen plikt til å vurdere om forhold som er avdekket i helhetlig ROS-analyse bør integreres i planer og prosesser etter plan og bygningsloven.»*

### **Landbruk og jordvern**

Austrheim kommune har arbeid mykje med jordvern og massehandtering av reine jordmassar som må flyttast. Den nasjonale jordvernprisen vart i 2021 tildelt Austrheim kommune saman med Alver kommune og Norsk Landbruksrådgiving Vest. Jordvernet er ein premiss for arealforvaltninga, og det andre er å få ei god utvikling for landbruket i kommunen framover.

Jordvernet vert i kommuneplanen best ivareteke gjennom gode arealstrategiar og

vedtak i samfunnsdelen, som grunnlag for planvask, siling av innspel, arealrekneskap mm. Det høver såleis godt at kommunen planlegg ny samfunnsdel i god tid før rullering av arealdelen. Dette gir tid til å framskaffe eit godt kunnskapsgrunnlag, oppdatere evt landbruksplan/næringsplan, evt. utarbeide kommunal jordvernstrategi ol.

### **Natur- og miljøutfordringar**

Ei drøfting av miljøutfordringar inngår i vurderinga av kommunen sitt planbehov og i drøftinga av strategiske val knytt til samfunnsutvikling, og utforming av dei langsiktige arealstrategiane.

*«Beskrivelsen av miljøutfordringene skal vise hva som er status og hva som er utviklingen de siste fire år, og drøfte kommunens miljøutfordringer i dette perspektivet. Beskrivelsen skal gi en omtale av utslipp av klimagasser, støy og lokal luftforurensning, avfall og energiforbruk, biologisk mangfold og kultur og kulturminner.*

### **Miljøutfordringar – naturmangfald**

Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål og naturavtalen, som mellom anna legg vekt på at ein skal redusere øydelegging av habitat og stoppe tap av biologisk mangfald. Når det gjeld naturmangfald bør ein i arbeidet med planstrategien drøfte kunnskapsstatus i kommunen. Korleis er kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald i sjø, vassdrag og på land i kommunen. Kommunedelplan for naturmangfald er under arbeid no, den vert godkjent i 2024.

### **Miljøutfordringar – klima**

Gjennom klimalova har Noreg lovfesta klimamål. Innan 2030 er målet å redusere klimagassutslepp med minst 50 prosent og opp mot 55 prosent frå utslepps nivået i referanseåret 1990.

Plan- og bygningslova § 3-1 h) ber kommunane om å ta klimaomsyn gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventa klimaendringar. Gjennom planarbeid kan kommunane bidra til å ivareta naturtypar

og økosystem som er viktige for klimatilpassing og karbonlagring. I punkt 48 i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging står det at:

*”Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevassump og andre typar våtmark og skog blir så langt som råd unngått, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon”.*

I planarbeidet kan kommunane til dømes bidra til reduksjon av utslepp frå transport, busetnad, arealbruk, landbruk og avfall. Planstrategien må ta utgangspunkt i Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Planar som handsamar klima- og energispørsmål skal vurderast revidert minst kvart fjerde år, jf. pkt. 3 og 4.3. I tillegg er det viktig å sjå den nemnde planretningslina i samband med statleg planretningsliner for å kunne samordna bustad, areal- og transportplanlegging.

Klima- og energiplanen vart godkjent i 2022, den er førande for arbeidet vårt i Austrheim kommune. Samfunnsdelen i kommuneplanen vil og ta med seg dette viktige temaet. Dette arbeidet er no starta opp, planprogrammet her er godkjent.

### **Regionale føringar**

Vestland fylkeskommune har i brev dagsett 05.12.2023 kome med synspunkt på innhaldet i dei kommunale planstrategiane i Vestland. I brevet viser dei regionale føringar og nyttig kunnskapsgrunnlag som fylkeskommunen har.

- regional, by- og bygdeutvikling
- klima og energi
- livskvalitet og like moglegheiter
- naturmangfald og areal
- verdiskaping og kompetanse
- samt samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.



## Oversikt over eldre planar i Austrheim kommune:

### Oversikt over planstatus i 2016 (historikk er med for å visa kva som er gjort seinare)

NR	PLANNAMN	PLANTYPE	GJELD FRÅ	GJELD TIL	STATUS	ANSVAR:
1	Kommuneplanen sin arealdel	Arealplan	2007	2017		Kommunestyret
2	Kommuneplanen sin samfunnsdel	Tema	2015	2027		Kommunestyret
3	Kommunedelplan Fønnes - Litlås	Arealplan	2010	2017		Kommunestyret
4	Kommune ROS	Tema	2010			Kommunestyret
5	Landbruksplan	Tema	2009			Kommunestyret
6	Energi og klimaplan	Tema	2011	2015		Kommunestyret
7	Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Tema	2012	2020		Kommunestyret
8	Kommunedelplan VA	Tema				Kommunestyret
9	Kommunalteknisk VA norm	Tema	2015			kommunestyret
10	<b>Reguleringsplanar (mange)</b>	Arealplanar				Kommunestyret
11	Kommunedelplan Trafikksikring	Tema	2009			Kommunestyret
12	Barne- og ungdomsplan	Tema	1993			Kommunestyret
13	Beredskapsplan for Austrheim	Tema	2013			Kommunestyret
14	Helseberedskapsplan	Tema	2004			Kommunestyret
15	Sorg -krise og katastrofeplan	Tema				Kommunestyret
16	Smittevernplan	Tema	2003			Kommunestyret
17	Plan for pandemisk influensa	Tema	2006			Kommunestyret
18	Ruspolitisk handlingsplan	Tema	2006			Kommunestyret
19	Pleie og Omsorgsplan	Tema				Kommunestyret
20	Eldremeldinga 2010	Tema	2010			Kommunestyret
21	Bustadsosial handlingsplan	Tema	2013	2020		Kommunestyret
22	Kulturplan for Austrheim	Tema				Kommunestyret
23	Utviklingsplan for Nordhordlandsbiblioteka	Tema	2006	2010		Kommunestyret
24	Kulturskuleplan	Tema				Kommunestyret
25	Den kulturelle skulesekken	Tema	2016	2018		Kommunestyret
26	Arkivplan for Austrheim	Tema	2014			

27	Strategisk Næringsplan for Lindås og Austrheim	Tema	2011	2020		Kommunestyret
28	Strategisk Næringsplan med fokus på reiseliv og havsport	Tema	2014	2025		Kommunestyret
29	Interkommunal plan for Fensfjorden	Arealplan	2013	2017		Kommunestyret
30	Geodataplan for Nordhordland og Gulen	Tema	2006	2009		Kommunestyret
31	Verksemdplanar, <i>Alle avdelingar</i>	Tema	Årlege			Rådmannen
32	Rapport "God - skal bli betre...!"	Rapport	2007			Kommunestyret
33	Rapport "Eldreomsorg"	Rapport				Kommunestyret
34	AHL "Austrheim heile livet"	Rapport				Kommunestyret
35	Vilt i Austrheim	Rapport	2003			Kommunestyret
36	Naturtypar i Austrheim	Rapport	2003			Kommunestyret
37	Kartlegging og verdsetting av friluftslivområde 2015-2016	Rapport	2016			Kommunestyret
38	Folkehelseoversikt for Austrheim	Rapport	2016	2018		Kommunestyret
39	Utviklingsmelding av 2013. (Realfag-satsing, PALS, La Linea )	Rapport	2013			Kommunestyret

## Planar godkjente i Austrheim kommune i perioden 2016-2024

### Kommuneplan – Arealdel

NR	PLANNAMN	PLANTYPE	GJELD FRÅ	GJELD TIL	STATUS	NY PLAN
1	<b>Kommuneplanen sin arealdel</b>	Arealplan	2019	2029		Godkjent 2019
2	<b>Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland</b>	Arealplan	2023	2033		Godkjent 2023

## Kommunedelplanar

NR	PLANNAMN	PLANTYPE	GJELD FRÅ	GJELD TIL	RULLERA	NY PLAN
1	<b>Kommunedelplan for trafikksikring</b>		2022	2030		Godkjent 2022
2	<b>Kommunedelplan VA Hovudplan for vassforsyning og avlaup</b>	Plan handlingsplan	2017 2023	2027 2027		Godkjent 2017 Godkjent 2023
3	<b>Kommunedelplan for naturmangfald</b>	Plan	2024	2032		Godkjent 2024
4	<b>Kommunedelplan for klima og energi</b>	Plan	2022	2032		Godkjent 2022

## Kommunale reguleringsplanar og detaljreguleringar:

<b>Detaljregulering for Næringsområde N40, N41, N42 (Kaland)</b>	Godkjent i 2020
<b>Detaljregulering omsorgsbustadar på Kaland.</b>	Planendring. Godkjent 2018
<b>Detaljregulering G/S Kilstraumen-Mastrevik med Ulvøy friluftsområde.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2016
<b>Detaljregulering for skule- og barnehageområdet på Kaland.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2019
<b>Planendring for Heiane Bustadfelt med Finnsvågen, utviding med område B09.</b>	Planendring. Godkjent i 2020
<b>Detaljregulering for bustadområde B2 i «Reguleringsplan bustadområde Vardeflaten på Kaland.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2019
<b>Fylkesveg 57 gang/sykkelveg - parsell Lindås kommunegrense til Mongstadkrysset.</b>	Detaljregulering. Godkjent 2017
<b>Områdeplan for Nordre Fønnesvågen</b>	Områderegulering. Godkjent 2015 (stadfesta 2016)
<b>Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule</b>	Godkjent 2023

## Oversikt kommunale temaplanar

NR	PLANNAMN	PLANTYPE		NY PLAN
1	<b>KommuneROS</b>	Tema		Godkjent 2024
2	<b>Enøkplan</b>	Tema		Godkjent 2018
3	<b>Informasjons- og varslingsplan</b>	Tema		Godkjent 2017
4	<b>Overordna Beredskapsplan, Evakueringsplan og Atomberedskapsplan</b>	Tema		Godkjent 2017
5	<b>Smittevernplan</b>	Tema		Godkjent 2020
6	<b>Kulturmiljøplanen 2023-2032</b>	Tema		Godkjent 2023
7	<b>Verksemdplanar</b> <i>Alle avdelingar</i>	Fag	2024 Rullering	Kvart år
8	<b>Landbruksplan for Austrheim</b>	Tema	2017-2022	Godkjent 2017
9	<b>Plan for Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020</b> (handlingsplan vert årleg rullert)	Tema		Årleg rullering av handlingsdelen
10	<b>Alkoholpolitisk plan for Austrheim kommune</b>	Tema	2020-2024	Godkjent 2020
11	<b>VA-norm Austrheim kommune</b>	Tema		Godkjent 2017
12	<b>Temaplan oppvekst</b>	Tema	2024-2028	Godkjent 2024
13	<b>Austrheimskulen i framtida</b>	Tema		Godkjent 2021
14	<b>Folkehelse rapport 2024 med oppveksprofil 2024</b>	Tema		Godkjent 2024

I tillegg er det godkjent planar som er i interkommunal regi. Det er og godkjent mange private reguleringsplanar i periodane 2016-2024, men dei er ikkje med i denne oversikta.

### Organisering av planarbeid

Planarbeid i Austrheim skal organiserast som prosjekt. Planarbeidet skal følgja ein tingingsrutine som viser kva plantype, styringsprosess og ansvarliner som skal gjelde for planarbeidet. Det vert utarbeida ein kort prosjekttale der mandat, organisering og ressursbruk vert avklart. Det skal og avklarast korleis planane skal følgjast opp etter vedtak.

### Medverknad

Samfunnsplanar betyr noko for innbyggjarane sine liv og kvardag. Det skal vere god dialog og medverknad, og opne avgjerdsprosessar, slik skapar me eit godt samfunn i Austrheim

kommune. Strategi som skal leggjast til grunn for kommunen sitt planarbeid:

- Opne folkemøte der det er viktig for god medverknad, kvalitet og eigarskap til planarbeidet.
- Alle planer må gjerast tilgjengeleg så snart dei er vedteke.
- Det skal leggast til rette for tidleg involvering i kommunen sine planprosessar.
- God bruk av digitale verky i planlegginga.
- Born og unge sine interesser skal ha eit særleg fokus.
- God faktakunnskap om planarbeidet sin konsekvens på folkehelsa, klima og berekraft.

## Planarbeid framover

### Kommuneplanen sin samfunnsdel

Austrheim kommune sin samfunnsdel 2015-2027 omhandlar godt kommunen sine utfordringar, men skal no rullerast. Planprogrammet er godkjent og innspel kome inn. Kommuneplanarbeidet er ofte svært ressurskrevjande, men det er mange gode grunnar til at Austrheim kommune skal rullera samfunnsdelen i kommunestyreperioden.

Samfunnsutviklinga skal vurderast i samfunnsdelen og om den gir føringar for framtidig arealbruk så vil det å rullera arealdelen verta vurdert. Då vil me byggja opp under arbeidet med å nå FN sine berekraftsmål, Monteral-avtalen (naturavtalen) og finna det lokale handlingsrommet som samsvara med regionale og nasjonale føringar til arealforvaltninga framover.

Eit arealrekneskap vil og vera naturleg å vurdere om samfunnsdelen gjev føringar for at me bør endra arealdelen. Arealstrategiar framover, men og landbruket, jordvernet og massehandteringa framover vert tema i samfunnsdelen som skal utgreiast.

Samfunnsdelen gjev føringar for underordna planar i alle sektorar i kommunen. I dei nasjonale forventningane heiter det også at samfunns- og arealplanlegginga skal brukast som verkemiddel for å utjamna skilnader, førebyggja levekårsutfordringar og sikra ei sosial balansert utvikling gjennom bustadbygging, lokalisering av teknisk og sosial infrastruktur og offentlege tenester.

I samfunnsdelen skal arealstrategiar vera med, dette er tema som arealplanar skal følgje opp. Austrheim kommune vedtok kommuneplanen sin arealdel for 2019-2029 den 11. april i 2019. Den fungerer godt og i denne planperioden skal den ikkje gjerat noko med. Arealstrategiar vil verta drøfta i samfunnsdelen, den gir føringar vidare når dette planarbeidet ein gong vert starta opp. *Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland* vart godkjent i

2023. Denne nye arealplanen er førande for arealbruken i sjøområda våre framover.

### Austrheim sine utfordringar framover

I nasjonale forventningar til lokal og regional planlegging peikar Regjeringa på at me står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Utviklingstekk i Austrheim kommune den 05.06.2024 er at innbyggjartalet aukar. Folketalsveksten er god. Talet på born vert relativt stabilt framover. Talet på eldre går opp. Som ein mindre kommune, både geografisk og i folketal, står kommunen ovanfor nye utfordringar, men og med stort handlingsrom og med eige hand på rattet. Ved bruk av kunnskapen me i dag, har kan me peika på nokre tema som vil vera med å danna grunnlag for prioritering. Plan for helse og velferd vert ei viktig planoppgåve i Austrheim.

Det er særleg flyttemønstra som vil påverka befolkningsutviklinga i kommunen dei neste 20-30 åra. Invandring og flyttingar i Norge er forventa. Siste befolkningsframskrivingar frå SSB gjev ein god prosentvis vekst i folketallet her på om lag 12%. Dette får konsekvensar som vil påverka utviklinga i Austrheim kommune. Me treng fleire bustadar her framover, både for store og små hushaldingar. Reguleringsplanar er viktig.

Nærleik til Bergensregionen, men og ei positiv næringsutvikling framover i Mongstad og i Fensfjord-området vil føra til at me vil oppleve tilflytting. Befolkningsprognosane frå SSB spår ei auke dei neste 20-30 åra. Dersom prognosane treff vil dette bety at dagens befolkning på 2.900 vil nå 3.240 i løpet av 2050. Det er den sjette høgaste veksten i kommunane i fylket vårt.

Samanlikna med mange andre distriktskommunar vil Austrheim kommune ha ein

positivt befolkningsvekst. Bustadatraktiviteten kan og aukast på mange måtar med satsing på tettstadnære bustadfelt, fortetting i eksisterande bustadfelt og gode kommunale tenester. Eit godt barne- og ungdomsarbeid og eit allsidig fritid- og kulturtilbod gjer og sitt til at folk vil etablere seg her. God tilgang til regulerte båt plassar i småbåthamner for fastbuande kan og vera eit viktig grep. Arbeidsplassar nord i regionen tel uansett mest for at folk vil busette seg i kommunen vår. Områdeplanen på Kaland/Fonnes som er under arbeid no regulerer inn mange bustadeiningar. Kultur skal elles inn i samfunnsdelen som eit viktig tema.

### **Folkehelsearbeid**

Folkehelseoversikt er ein lovpålagd del av kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med kommunal planstrategi. Vår siste Folkehelse rapport med oppvekstprofil 2024 vart utarbeida og godkjent i kommunestyret i 2024. Den skal ligge til grunn for ei langsiktig og systematisk samfunnsutvikling. Kommunen skal vere særleg merksame på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar. Vidare går det fram av folkehelselova paragraf 6 at utfordringar knytt til folkehelse skal drøftast i planstrategien, og at oversiktsdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi.

Kommunen skal vidare fastsette mål og strategiar for folkehelsearbeidet i planarbeid som er eigna til å møte utfordringane i folkehelseoversikta, og sette i verk nødvendige tiltak. Det er viktig at kommunen i planlegginga motverkar og førebyggjer opphoping av levekårs-utfordringar, og arbeider aktivt med tiltak for å styrkje tenester og setje i verk naudsynte tiltak. Gjennom planlegginga kan det leggast gode rammer for ei betre folkehelse med meir aktivitet for alle grupper i befolkninga. Sosial ulikheit i helse er systematiske helseforskjellar som følgjer inntekt, yrke, utdanning og kjønn.

Kommunen kan setje inn tiltak for å betra helsa og utjamna helseforskjellar på alle ledd i

årsakskjeda. Når me lager planar eller godkjenner tiltak, bør ein reflektere over dette:

- Kan innsatsen eller tiltaket slå ulikt ut for ulike grupper?
- Sikrar kommunen aktivt gode vilkår for god psykisk og fysisk helse i planlegginga?
- Er det økonomiske, sosiale eller fysiske barrierer som gjer at ikkje alle kan gjere nytte av tiltaket eller tenesta?
- Krev tiltaket, arealet eller tenesta spesiell kunnskap eller ressursar som er ulikt fordelt hjå innbyggjarane?

Desse vurderingane må byggje på statistikk og analysar, men og god faktakunnskap om lokale tilhøve. Som eksempel kan ein leggja til grunn at born og unge som ikkje bur nær skulane i Austrheim, i stor grad vil vere avhengig av å bli køyrt med bil eller buss for å kunne delta på ulike sosiale arenaer. Lokalkunnskap, kunnskap om sosial ulikskap, men og deltaking i friviljug arbeid og kulturtilbod er viktig for folkehelsa. Dette må leggast til grunn for avgjerder og prioriteringar i Austrheim kommune og i planarbeidet.

### **Status er:**

- Born som bur i hushaldningar med vedvarande låg inntekt har auka dei siste ti åra.
- Ein av fire ungdommar fullfører ikkje vidaregåande skule.
- Dei fleste familiane med born i kommunen bur i dei sentrale delane av kommunen.
- Mange over 70 år bur i dei meir usentrale delane av kommunen.

Tilflyttinga til Austrheim har vore sterkast i områda omkring kommunesenteret og sentralt i Kaland/Fonnes-området. Me treng fleire tilrettelagte og universelle bustadar for eldre sentralt i kommunen.

### **Næringsutvikling**

Næringsstrukturen vår er særmerka ved at andelen som arbeidar innan industri er stor. For privat sektor har arbeidsplassutviklinga vore sterkast innan transport og tenester. Det grønne skiftet vil føra til mange endringar framover i næringslivet her. God dialog med næringslivet i planprosessar for å sikre klima-

og miljøomsyn er viktig. Regulering av næringsområde er viktig.

### **Infrastruktur og samferdsel**

I områda med størst bustad og næringsutbygging er det eit relativt stort behov for oppgradering av vatn- og avlaupsanlegg. Nok straum til næringslivet er og ei utfordring. Infrastruktur med regulerte køyrevegar med g/s og fortau må på plass.

### **Skulane og barnehagane**

Dei to skulane på Kaland og Årås ligg fint til i kommunen. Ungdomsskulen er på Årås. Begge skulane og barnehagane våre er i område som i seinare tid er vorte detaljregulerte. Det gjer at ein kan byggja nytt eller byggja på utan å søkja om dispensasjon frå plan. Det er sett rekkefølgekrav på infrastruktur på Kaland før me kan byggja ut skule -og barnehageområdet her. Oppvekstplanen vart godkjent i 2024.

Oppvekstprofil for barn og unge 2024 kom med i Folkehelse rapport Austrheim kommune 2024. Den gjev ein god oversikt.

### **Berekraftig utvikling som premiss**

Austrheim kommune ynskjer ei utvikling som gjer at innbyggjarane sine moglegheiter også framtida skal vera å få dekkja sine sosiale,

kulturelle, økonomiske og materielle behov. Det å vera ein kommune i vekst i ein attraktiv region, vil om det vert handtert på ein god måte, gje positive ringverknader. Samfunnet legg til grunn at kjerna i berekraftig utvikling er å sjå økologisk, økonomisk og sosial berekraft i ein samanheng.

Unesco sitt Biosfæreområde i Nordhordland som me er med i forpliktar. Miljø, økologi, natur og klima er difor viktige tema i planarbeidet vårt.

*Sosial berekraft:* Eit samfunn som gjer innbyggjarane lik tilgang til sysselsetting, kultur, gode bustader, godt bumiljø, utdanning, tryggleik og deltaking i lokalsamfunnet.

*Økonomisk berekraft:* Eit samfunn som skapar verdiar og utvikling i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferd- og tenestetilbod.

*Miljømessig berekraft:* Eit samfunn som tek overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining og bidreg til å redusera og førebygga klimaendringar.

**Vurdering av planbehov i Austrheim kommune og prioriterte planar i perioden 2024-2027:**

<b>Kommuneplanar/delplanar:</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>
Kommuneplanen sin samfunnsdel	x	x		
Kommunedelplan for naturmangfald	x			
<b><u>Temaplanar:</u></b>				
Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	x	x		
Plan for friluftslivet sine ferdselsårer	x	x		
Plan for helse og velferd	x			
Plan for demensomsorga	x			
Folkehelseplan			x	
Arkivplan	x	x	x	x
Ruspolitisk handlingsplan		x		
Plan for rehabilitering (helse- og omsorgsektoren)		x	x	
Plan for legetenester	x			
Overordna Beredskapsplan	x	x	x	x
Smittevernplan		x		
<b><u>Detaljreguleringsplanar:</u></b>				
Fylkesveg 565 gang/sykkelveg parsell Fonnes-Kilstraumen			x	
Fylkesveg 565 gang/sykkelveg parsell Litlelindås til Austrheim		x		
<b><u>Områdereguleringsplanar:</u></b>				
Områdeplan omkring kommunesenteret		x	x	
Områdeplan for arealet B36 på Kaland/Fonnes og friområdet ved Ikornsåta	x			





## **Planstrategi 2024 – 2027 Austrheim kommune**

**Kommunestyret den 26. september 2024**